



## Statens vegvesen

H. Sandvik Entreprenør AS

I-1

Behandlande eining: Region vest	Sakshandsamar/telefon: Marianne Skulstad / 55516253	Vår referanse: 15/249360-15	Dykkar referanse:	Vår dato: 14.09.2016
------------------------------------	--	--------------------------------	-------------------	-------------------------

### Mellombels bruksløyve for avkøyrsløve til gnr. 51 bnr. 57 – Landsvik – fv. 249 Skjelangervegen – Meland kommune

Vi viser til vårt førehandstilsegn datert 02.06.2016, der vi gir krav til ny avkøyrsløve til eigedom gnr. 51 bnr. 57 i Meland kommune. Vi viser vidare til felles synfaring 02.09.2016, og dykkar e-post sendt 07.09.2016.

#### Siktkrav

Ved synfaringa 02.09.2016 var ikkje sikta i avkøyrsløve tilfredsstillande i retning nord. Av omsyn til trafikktryggleik kan ikkje siktkrav i avkøyrsløve fråvikast, og det var trong for utbetring før vi kunne godkjenne avkøyrsløve. I e-post datert 07.09.2016 vart det sendt bilete som visar at sikta er betra, og ser ut til å stette krava sett i vår førehandstilsegn. Av omsyn til tidsbruk i saka har vi ikkje vore på ny synfaring no, men vil synfare avkøyrsløve når vi har andre saker i området.

#### Kurvatur i avkøyrsløve

Ved synfaringa 02.09.2016 var ikkje kurvaturen i avkøyrsløve i tråd med våre krav i førehandstilsegna. Avkøyrsløve var om lag 9 meter bred, og med for liten avbøying mot sør. Vi kan difor ikkje gje endeleg avkøyrsløve til eigedomen. Utbyggjar treng ein breiare avkøyrsløve i rive- og byggjeperioden for å få tilgang med større køyretøy. Statens vegvesen gir difor eit mellombels avkøyrsløve for byggjeperioden.

Endeleg avkøyrsløve blir gitt når avkøyrsløve er i tråd med alle krava i vår førehandstilsegn. Statens vegvesen vil krevje at kommunen ikkje gir bruksløyve til bustaden før det føreligg endeleg løyve til avkøyrsløve. Avkøyrsløve bør difor ferdigstillast i god tid før huset er innflytningsklart, slik at det er nok tid til å vurdere avkøyrsløve. Endeleg avkøyrsløve vil ikkje bli gitt utan ny synfaring.

#### Vedtak:

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø

Statens vegvesen godkjenner på vilkår mellombels avkøyrsløve fra fylkesveg 249 (hp 1 ved km 4,000 ) til egedomen gnr. 51 bnr. 57. Vedtaket er gjort med heimel i veglova §§ 40 og 43.

**Vilkår for løyvet:**

Etter ei samla vurdering av vegtekniske tilhøve og trafikksikringsomsyn set Statens vegvesen følgjande vilkår for løyvet:

1. Løyvet er gjeve i samsvar med *Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg* fastsett av Vegdirektoratet 16.7.1964 og *Forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg* fastsett av Samferdselsdepartementet 26.2.1982.
2. Løyvet gjeld kun for den staden som er nemnt ovanfor og i samsvar med godkjend skisse.
3. Løyvet gjeld berre for følgjande føremål: Rivingsarbeid og oppføring av bustadhus på egedom gnr. 51 bnr. 57.
4. Løyvet er mellombels og gjeld inntil eitt år frå vedtaksdato.
5. Kommunen skal ikkje gje bruksløyve til omsøkt bygg før endeleg godkjent avkøyrsløve føreligg, jf. plan- og bygningslova § 27-4.
6. Eigaren eller brukaren av avkøyrsla som løyvet gjeld for, har ansvar for at frisikt til ei kvar tid er oppfylt, jf. veglova § 43. Dersom ikkje dette skjer, kan avkøyrsløyvet bli trekt tilbake.
7. Det skal vere tilfredsstillande snu- og manøvreringsareal inne på eigen egedom slik at ein unngår rygging ut på offentlig veg.
8. Løyvet gjeld kun tilknytningpunktet til fylkesvegen. Privatrettslege tilhøve, til dømes nabo- og egedomstilhøve, må søkaren sjølv ivareta og skaffe seg rett til. Dette gjeld til dømes opparbeiding, bruk og vedlikehald av avkøyrsløve, frisiktsoner og tilkomstveg. Slike rettar bør tinglysast.

Statens vegvesen Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Marianne Skulstad  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

Kaj Alexander Johnsen, Skjelangervegen 408

Kåls & Sønn Byggevarehandel AS, Sauvågen 83, 5915 HJELMÅS

Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG

Arkoconsult AS, Postboks 103, 5291 VALESTRANDSFOSSEN